

ÅRSMELDING 2013 for OS SOKNERÅD



OS SOKNERÅD INVITERER TIL ÅRSFEST I KYRKJETUNET

SUNDAG 6. april kl 19:00

Gjennomgang av årsmelding * Måltid * Musikk * Ord for natta*
Drøfting av ulike tema for utvikling i kyrkjelyden.

	TEMA
1.0	<p><i>Organisasjon</i></p> <p>Os sokneråd har funksjon både som sokneråd og fellesråd i Os kommune. Rådet har slik samansetjing og fordelt funksjonar slik:</p> <p>Øystein Hetlevik, leiar, Osvald Hindenes, nestleiar, Liv W. Aspaker, Per Torgeir Nilsen, Inger Johanne Prestvold, Øyvind Gjerde, Einar Ekerhovd, Ragnhild S. Haugland, Svein Arne Bakke, Per Solberg, Anne-Marie Sandve (sokneprest).</p> <p>Varamedlemer: Torild Aadland, Inger Johanne Haugland, Kjell Inge Drønen, John Ivar Kopperud, Ingebjørg Nordtveit. Margrethe H. Askeland (prost)</p> <p>Varaordførar Marie Bruarøy held fram som kommunal representant i Kyrkjestyret (Fellesrådfunksjon) med Terje Søviknes som vararepr.</p> <p>Einar Ekerhovd vart innvilga permisjon frå august 2012 til sommaren 2013 medan han er engasjert i stillinga som ungdomsprest. Frå september søkte han igjen om permisjon da han skulle vere dagleg leiar for Os-fellesskapet.</p> <p>Arbeidsutval: (AU): Arbeidsutvalet føreburr saker til soknerådet og tek avgjerd i enkle ikkje-prinsipielle saker. AU er sett saman slik: Leiar Øystein Hetlevik, n-leiar Osvald Hindenes, Liv Aspaker og Anne-Marie Sandve.</p> <p>Driftsstyret (DRS) har delegert fullmakt til å avgjere «fellesrådssaker» av ikkje-prinsipiell karakter. DRS er sett saman av AU + kommunal representant.</p> <p>Gjennom delegasjonsreglement er kyrkjeverja delegert fullmakt til å gjere ulike administrative vedtak; i hovudsak knytt til gravferdsforvalting, personal- og økonomireglement.</p> <p>Viktige saker som har vore handsama i 2013:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Budsjett 2013 • Rekneskap 2012 • Planlegging og gjennomføring av julemesse

- Fråsegn i samband med tilsetting av kapellan
- Endring i prostigrenser
- Etablering av rampe i Os kyrkje
- Kjøp av instrument til Os kyrkje
- Strategiplan for soknerådet; herunder diakoniarbeid/diakoniplan, trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid
- Godkjenning av plan for Kuventræ gravplass
- Fasadeoppussing kyrkjetunet
- Fordeling av offer

Stillingar:

Os sokneråd har arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Seksjon	Årsverk	Merknad
Administrasjon	2,55	20 % prostesekretær kjøpt av Bispedømerådet
Drift kyrkje/kirkjegardar	3	
Kyrkjemusikk	1,5	0,5 årsverk vakant store delar av året
Undervisning	1	
Trusopplæring	1,4	
Kyrkjelydsarbeid	2,7	(Barne- og ungdomsarbeid, diakoni og friv. koordinator)
SUM STILLINGAR	12,15	(Fordelt på 14 medarbeidrarar)

Bispedømerådstilsette.


Prost Margrethe H. Askeland er prost i Midhordland, men om lag 50 % av hennar stilling er knytt til presteteneste i Os. Prestetenesta elles har vore: Sokneprest Anne-Marie Sandve og kapellan i Fusa Knut Ivar Askeland (ca 25 %) + vikarprest Jon Abelsæth. Kapellanstillinga stod vakant første halvdel av året til Roar Hallesby Evjedal tiltrådte i august 2013.

På slutten av året reiste bispedømerådet sak om nedlegging av Midhordland prosti, og at Os sokn skulle leggjast til Fana prosti. Dette


	vart vedtatt desember 2013 med verknad frå 1/3-2014.												
2.0	<p>GUDSTENESTER</p>												
2.0. 1	<p>2013 vart første året med dei nye gudstenesteneordningane. Dei 3 ordningane for hovudgudstenesta gjev grunnlag for eit mangfaldig gudstenesteliv i kyrkjelyden. Ordningane er ulike, men nokre element som innleiing og nattverdfeiring skal bidra til gjenkjenning for dei som deltek i dei ulike gudstenestene. Ein har hatt som målsetjing å lage gudstenesteordningar som femner om alle generasjonane. Utan å ha talmateriale til å dokumentera det, kan det sjå ut som at det ikkje er heilt lett å få til dette. Det er flest barnefamiliar på gudstenestene med band, mens tilbakemelding frå eldre kyrkjelydsmedlemmer tyder på at den utstrakte bruken av engelske lovesongar er framandgjerande på ein del, mens dei unge i mindre grad finn seg til rette i den meir tradisjonelle høgmessa. Om ein ynskjer at alle gudstenestene skal femne alle, er her framleis ein jobb å gjere for å legge til rette for det.</p> <p>For barnefamiliar er det viktig at dei kjenner at barna er velkomne. I haust har vi prøvd å ha barnekroken framme i kyrkja. Ein ynskjer med det å seie at borna er velkomne, og at vi toler å sjå og høre dei. Men det er «trongt om plassen» framme i kyrkja. Ein lenge etterlengta og heilt naudsynt rullestolrampe tek den eine sida framme. Ynsket om å ha instrument ståande framme ved pianoet, opptek den andre. Vidare har det vore jobba målretta med å kvalitetssikre barnesamlingane, noko som ser ut til å begynne å bere frukt.</p> <p>Gudsteneste med band er heilt avhengig av at frivillige stiller opp og tek ansvar for sine gudstenester. Hittil har ein hatt musikarar nok, men ein ser at dette kan verte ei utfordring. Det er ei målsetting å ha faste grupper der kvar gruppe kan spele/syng til ei gudsteneste kvar i semesteret.</p> <p>Statistikken for gudstenestene.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2011</th> <th>2012</th> <th>2013</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Gj.sn/pr gt Os</td> <td>161</td> <td>160</td> <td>165</td> </tr> <tr> <td>Gj.sn pr gt Nore Neset</td> <td>116</td> <td>110</td> <td>119</td> </tr> </tbody> </table>		2011	2012	2013	Gj.sn/pr gt Os	161	160	165	Gj.sn pr gt Nore Neset	116	110	119
	2011	2012	2013										
Gj.sn/pr gt Os	161	160	165										
Gj.sn pr gt Nore Neset	116	110	119										

Statistikken for gudstenestene dei siste 10 åra, viser at talet gjekk noko ned midt i perioden, men at det har flata ut på eit stabilt lågare nivå dei siste 5-6 åra. Tala for gjennomsnittsdeltaking pr. gudsteneste syner same tendens, sjå tabell.


Tabellane under gjeld talet på gudstenester og gudstenestedeltakarar dei siste 5 åra. Talet på gudstenester har gått ned, og dette får konsekvens for totalt tal kyrkjegjengarar. Men ein ser at dette biletet ikkje er eintydig.



Totalt tal gudstjenestedeltakarar



Gjennomsnitt deltakarar pr gudstjeneste



Gudstenesteutvalet har halde fram med sitt arbeid i 2013 etter at

	<p>gudstenesteordningane vart tekne i bruk. Medlemmane er stadig opptekne av gudstenestene og å vidareutvikla og kvalitetssikra dei. Samstundes er dei opptekne av at kyrkja skal vere synleg i samfunnet og kome med konstruktive innspel til å arrangere gudstenester knytt til aktivitetar i samfunnet elles, t.d. kystsogedagane, Ulvenmarsjen, korsvandring langfredag, og kyrkja sin fødselsdag. Det er teke kontakt med andre aktørar og ein freistar legge desse tiltaka inn i gudstenesteplanane i åra som kjem. Utvalet vil i løpet av 2014 få til ei evaluering av dei vedtekne ordningane, og vurdere om det er naudsynt å gjere framlegg om endringar.</p> <p>Medlemmer av gudstenesteutvalet: Lill-Karin Wallem, Øyvind Gjerde, Ingebjørg Nordtveit, Grethe-Inger Berge, Anne-Marie Sandve og Andrew Holman</p> <p>Særskilte gudstenester</p> <ul style="list-style-type: none"> • 20.01 gudsteneste med band i samband med opning av ungdomsåret • 07.04 barnas misjonsdag • 18.08 innsetting av ny kapellan, kateket og kantor/trusopplæringsmedarbeidar • 25.08 gudstenester ved skulestart i begge kyrkjer. Utdeling av 6-årsbok. Nytt tiltak i samband med trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden
2.0.1	<p>Andaktstenesta</p> <p>Prestetenesta i Os syter for andaktar på Luranetunet, Os sjukeheim, Ravneberghaugen og Gamleheimshagen. I 2013 vart det halde 96 andaktar på desse institusjonane. Takk til Kaare Bakke, Per Fimreite og Osvald Hindenes som stilte opp og gjorde dette mogeleg også i eit år der ein mangla prest. I tillegg til andaktane har prestane faste tider på sjukeheimen for samtale med dei som måtte ynskje det. Ein vert og utkalla til omsorg for døyande, nattverd for sjuke mm. På andaktane er det og viktig at ein har musikk, og organistane våre eller frivillige musikarar har vore med.</p>
3.0	<p>Kyrkjelege handlingar</p> <p>171 dåp dette er 79% av barn av medlemmer/høyrande inn under . (dei 3 føregåande år 189,199,211)</p> <p>176 konfirmantar</p>

46 vigsler (37, 45)

104 gravferder (96, 110, 109)

I 2013 la ein om dåpsførebuingane. Fram til no hadde det vore 1 kveld pr.mnd som gjekk på omgang mellom prestane. Omlegginga medfører at forrettande prest ein kveld i veka møter dei familiene som skal ha dåp kommande søndag. På den måten blir det betre kontakt mellom dåpsfamilien og dåpspresten.

4.0

Økonomi


Os kommune har ført rekneskapen for Os sokneråd sidan 1997, men pga kapasitetsavgrensing ble denne teneste overført til Akasia (Bergen kirkelige fellesråd) frå 1/9-2013. Det har medført at to rekneskap skal samordnast og det har skapt nokre utfordringar som har tatt tid og rekneskapen var først slutt no ved slutten av mars 2014. Dei 2 rekneskapsførarane har hatt noko ulike konto-oppsett og ikkje alle tal er såleis direkte samanliknbare mot tidlegare rekneskap og budsjett, men dette påverker ikkje sjølv resultatet.

2013-rekneskapen har 2 rekneskap; eit investeringsrekneskap og ein driftsrekneskap med brutto omsetning på 14 355-tusen. Investeringsrekneskapen er avslutta p 8 773-tusen som i all hovudsak er knytt til utbygging/ombygging av kontorfløy.

DRIFTSREKNESKAPEN

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskat på ca 411-tusen (2,8 % av omsetning) og soknerådet har disponert overskotet slik: 200-tusen til trosopplæringstiltak og 211-tusen til utbygging av trinn III til kyrkjetunet.

INNTEKTER	Kr	%
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-1 734 472	12,1
Refusjoner/overføringer	-2 779 452	19,4
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytatingsavtale	-137 500	1,0
Statlige tilskudd	-1 547 173	10,8
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-6 512 000	45,4
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-1 644 918	11,5
	-14 355 515	



Hovudfinansiering av den lokale kyrkje er kommunalt ansvar etter kyrkjelova, men for 2013 utgjorde dette under 50 % av samla inntekt. Den låge %-del skuldast ekstraordinære refusjonar av meirverdiavgift (ca 2,4 mill). Sum av offer, gåver og innsamla midlar er på heile 1,6 mill. !!

Utgifter

Utgifter

Lønn og sosiale utgifter	6 872 780
Kjøp av varer og tjenester	3 853 767
Refusjoner/overføringer	21 100
Kalk. utg. ved komm. tj.yttingsavtale	137 500
Tilskudd og gaver	1 306 468
Sum driftsutgifter:	12 191 615

Mange vil raskt sjå at differensen mellom inntekt og utgift er meir enn 411-tusen.

Soknerådet får refundert MVA for investering. Rekneskapsteknisk skal det førast som inntekt i driftsrekneskapen for så å overførast som del-inndecking av investering. MVA-refusjon for nybygg var 1 759 113,- for 2013.(sjå avsnitt om investeringsavsnitt)

Nokre tal frå rekneskapen som er knytt til offer, gjevarteneste, osb.

	2013	2012	2011
Offer til egen virksomhet	-128 096	87 006	91 375
Misjonsprosjektet	-47 687	64 096	56 070
Offer til andre	-460 155	325 756	316 109
Julemesse	-127 500	106 000	77 274
Kirkens nødhjelp	-249 231	123 980	139 798
Givertjenesten	-296 659	229 432	252 695
	-1 309 328	936 270	933 321

Det er ei flott auke i gåveinntekter. Fasteaksjonen samla inn ca 113-tusen før påske i 2013.

Etter syklonen på Filippinene vart det ein spontan innsamlingsaksjon som gav 136-tusen til KN + offer julafstan på nær 57-tusen. FONOS sin ekstra konsert genererte ytterlegare nær 70-tusen; samla innsamla til KN i 2013 vart dermed 375-tusen.

Kyrkjetunet (drift)

Inntekter	2013	2012
Sal utanom MVA	-164 352	-92 652
avgiftpliktig sal	-36 060	-26 130
MVA-refusjon	-141 154	-217 516
Gjevarteneste	-38 882	-6 282
	-380 448	-342 580

Utgifter

Forbruksvarer	13 990	27 518
Straum	51 585	103 395
Forsikring	16 599	15 794
Komm gebyr	11 812	4 444
Vedlikehald	27 396	70 331
Serviceavtaler	25 821	31 395
Reinhald	78 855	60 040
	226 058	312 917

Driftsresultat	-154 390	-29 663
----------------	----------	---------

Ein kan samanlikne postane på utgifter frå år til år, men inntektspostane MVA-refusjon må sjåast i samanheng med investeringsrekneskapen. For 2012 var MVA refusjon for oppussing av kjøken 146-tusen. MVA-refusjon på drift var 71-tusen; i praksis får vi tilnærma kvar 5. kr på driftskostander refundert som MVA.

Kyrkjetunet – kapitaloppbygging til trinn III

Innbetalt til trinn III

	Låne-gaver	Direkte gaver	Sum
2012	720 000	74 000	794 000
2013	340 000	109 400	449 400
2014 (Tilsagn gitt i 2013)	60 000		60 000

1 303 400

Egne bidrag

Os sokneråd (fra fond) 500 000

Overskot 2012 188 115

Sum til formålet 2013 1 991 515

Overskot 2013 211 051

Sum til formål pr mars 2014 2 202 566

Investeringsrekneskapen

Utbygging av kontorfløy inkl møbler, inventar + opp-pussing av vest- og øst-fasader på trinn I kosta 8 773 339; av dette var kostnad knytt til trinn I ca 360-tusen.

Utbygginga er finansiert slik:

Låneopptak	-6 450 000
MVA-refusjon	-1 759 113
Fond Kontorutbygging (55600400)	-202 659
Sum finansiering	-8 411 772
Fra bygningsfond (55600200)	361 567

Kontrollsum 8 773 339

Samla fondsoppbygging i kyrkjelyden:

Disposisjonsfond	-1 924 734
Bundne investeringsfond	-1 260 640

5.0	Bygg- og anlegg
5.0.1	<p>Kyrkjetunet</p> <p>Opprusting av kjøkenet har gjeve klart betre arbeidsvilkår og høgare hygienestandard, men det er ei utfordring å halde god orden og få kvar brukartil å følgje dei retningsliner som er utarbeidde. Det er derfor naudsynt å jobbe vidare med dette slik at kjøken skal vere ein tenleg og hygienisk arbeidsplass for matstellet i kyrkjetunet</p> <p>I samband med utbygging av kontorfløy vart og fasadane på trinn I (unnateke nordfasaden) pussa og måla i nye fargar. Murpuss på store delar av trinn I var begynt å sprekke, og det var tidsspørsmål før veggene ville trekke inn væte.</p> <p>Kontorfløy</p> <p>Kontorfløyen ble utvida og totalrenovert i perioden april til oktober 2013. Hovudentreprenør var byggmeister Kjell Aarvik. Kyrkjelyden har fått gode, moderne og tenlege kontor for alle sine tilsette og naudsynte møte- og samtalerom.</p> <p>Gravplassar</p> <p>Det er Os sokneråd som har drifts- og forvaltingsansvar for gravplassane i Os. Denne tenesta gjer soknerådet på vegne av storsamfunnet og skal tene alle innbyggjarane uavhengig av trus- og livssynsamfunn.</p> <p>Sommaren 2013 starta arbeidet opp med utviding av gravplassen på Kuventræ. Den skal gje plass til ca 1000 nye graver. Med det forventa behovet for graver og den store folkeveksten i Os, er det naudsynt å leggje til rette for ytterlegare utbygging av gravplassar, og eit område ved Nore Neset er under regulering for formålet.</p>
6.0	<p>Barnearbeid</p> <p>Mange engasjerte frivillige i kyrkjelyden vår gjer at vi kan ha eit mangfald i aktivitetar og tilbod. Men vi har heile tida behov for nye frivillige, og til enkelte oppgåver viser det seg å vera vanskelegare enn for andre. Særlig ynskjer vi at fleire småbarnsforeldre kan vere med å bidra på aktivitetane med fokus på born og familie, slik at vi kan utvide tilboda for born i kyrkjelyden. Når det er sagt, opplever vi ei blomstring i dei allereie etablerte tilboda våre, og det er svært gledeleg!</p>

Barnekor

Familiekoret « ShubaDups» har også i år vore ein stor suksess, og det er pr i dag over 70 store og små som samlast i eldstova annankvar måndag. Dette er eit kor for born i alderen 2-7 år, som i følgje med foreldre, besteforeldre eller andre vaksne syng og leikar saman før vi avsluttar med kveldsmat i lag. Også i år sette vi opp julemusikalen Gabrielle i Os kyrkje saman med 7&Up og under Edle Svendsen Lunde si trygge leiing. Denne hausten fekk familiekoret tildelt kr 10 000,- i KUP-midlar frå kommunen til dette formålet, og det bidrog til at vi kunne ha ein litt meir «profesjonell» innpakning på forestillinga, m.a. med skikkelig lyd/lys, sminkekurs og teatersminke og scene. Vi opplever at dette er eit tiltak både vaksne og born har stor glede av, og som verkar positivt for samhaldet. Vi jobbar no med å få frivillige til å engasjere seg i dette arbeidet og på sikt ta over leiinga.

«Shubadubs» vert leia av Stine Kobbeltvedt og Hege Varhaug-Lekven. Det er og etablert ei ansvarsgruppe med foreldre som hjelper til med ymse praktiske oppgåver.

Koret «7&up» er under leiing av Silje Nora Hindenes og Elin Skaatun. I tillegg til Gabrielle, hadde dei i september eit samarbeid med Team Sulebakk i Os kyrkje. Dette blei ein flott konsert, og det var ei stor oppleveling for borna i 7 & Up å få synge saman med «proffe» utøvarar. I januar 2014 skal dei igjen synge med Team Sulebakk, denne gongen på storkonsert i Grieghallen med mange andre kor og m.a Alexander Rybak. I 2013 har dei vore om lag 15 faste medlemmar.

Barnekoret Glasongarane er i Nore Neset kyrkje kvar torsdag under leiing av Hanna Dahl og Margrethe Holtet frå Kongshaug musikkgymnas. Det har vore noko variabelt oppmøte, men er like fullt eit viktig og flott tilbod for dei som er med.

Søndagsskulane

Forutan barnesamlingane under gudstenesta, er det i dag tre aktive søndagsskular: på Søre Neset, Hagavik bedehus og i Søfteland bedehus. Tall på born som nyttar seg av dette tilbodet varierer frå år til år. I 2013 har det i snitt vore 5 – 10 born på kvar samling. Vi har også i 2013 hatt problem med å finne leiarar som ønskjer å ha barnesamling regelmessig, og vi har difor satsa mest på «5 på 11»- gudstenestane. Grethe Inger Berge har gjort ein stor innsats med å få frivillige til dei andre gudstenestene, slik at det har vore tilbod om barnesamling på dei aller fleste gudstenestane. Men det har lenge vore eit ynske om å få til ei meir stabil gruppe som kan jobbe tettare saman om eit meir fast opplegg på barnesamlingane. Det er difor ei stor glede at vi no har ei gruppe frivillige

som er engasjerte, inspirerte og ønskjer å ha barnesamlingar! Gro Helen Skjælaaen har også fått med ei flott gruppe «tweens» som skal vera med å halde barnesamlingar saman med vaksne. Gjennom at tenåringane får oppgåver på gudstenestene, håpar vi å skape eit meir inspirerande miljø for dei i gudstenestelivet.

Vi ser fram mot å starte opp dette arbeidet i 2014!

Søfteland mandagsklubb

Dette har i fleire år vore eit flott tilbod for born frå 4 år og oppover. Dei held til på Søfteland bedehus og møtest kvar måndag kl.17.30-18.30. Det har vore varierande oppmøte, frå 5 – 10 born pr gong. Måndagsklubben tilbyr ulike aktivitetar som song, teikning m.m, avhengig av kven som går der. I 2013 har det til dømes vore mange guitar, så då har det gått mest i spel. Borna får også høyre ei bibelforteljing.

Babysong

Babysong har lenge vore eit populært tilbod for nybakte mødrer. Vi har no utvida tilboden til kvar veke og ser at det er stor pågang og mange som set pris på å kome saman. Mange av dei som har gått på babysong begynner også i familiekoret med eldre born.

Våren 2013 blei det også starta opp babysong i Nore Neset kyrkje der alle døypte som soknar til krinsen vert inviterte. Det var noko variabelt oppmøte i starten, men no ser vi at det har blitt eit populært og tydeleg etterlengta tilbod, med omrent 40% deltaking.

FamilieKRIK

Juni 2013, vart Os FamilieKRIK til som ei vidareutvikling av det som før var Familiesamlingane. Dei starta opp med weekend til Brandøy leirstad i Rogaland 30.08-01.09.13, der dei var vel 50 deltakarar på eit vellukka arrangement. Ein slik weekend vil bli eit årleg arrangement.

FamilieKRIK held til i Nore Neset aktivitetshus og finn stad ein søndag i månaden frå kl. 16.00 til 18.00. Samlingane er eit tilbod for familiar med born i alle aldrar der dei syng saman, har andakt, har mykje "kaffeslabberas" og organisert leik/idrettsaktivitet i gymsalen eller på fotballbanen. Takhøgda er stor, og lydnivået høgare. Målet er å skapa eit inkluderande miljø og ein arena for nettverksbygging mellom barnefamiliar gjennom eit arbeid ein kan vera aktiv i i alle aldrar. Det har no vore mellom 30 og 80 deltakarar kvar gong.

Speidar

	<p>Speidargruppa har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2013, på linje med føregåande år. Det er speidarmøte kvar måndag, og i tillegg reiser vi på turar, leirar og regionale arrangement. I juni arrangerte vi ein eigen leir i Rolvsvåg, der alle Os-speidarane overnatta 2 netter i telt. Vi hadde tett program og avslutta med friluftsgudsteneste. Utover hausten har det vore jamlege speidarmøte med oppmøtestad på Kyrkjetunet. Som regel er det mest uteaktivitetar.</p> <p>I gruppa har vi eige opplegg for oppdagrarar (2-3. klasse), stifinnarar (4-5. klasse) og vandrargar (6-10. klasse). Det er også nokre få rover-medlemer (over 10. klasse). Vi er 10 aktive leiarar, og fleire andre vaksne støttespelalarar – totalt 80 medlemmer. Det er venteliste for å byrje (gjeld dei yngste), så helst skulle vi hatt fleire leiarar til den aldersgruppa.</p> <hr/> <p>Alt byrjar med borna! Barnearbeidet er noko av det aller viktigaste vi gjer i kyrkjelyden. Den store utfordringa for 2014 er å inspirere fleire trygge vaksne til å engasjere seg som frivillige leiarar slik at vi kan oppretthalde tilbodet vi allereie har, og helst utvide det med fleire spanande aktivitetar som femner endå fleire.</p>
7.0	<p><i>Ungdomsarbeid</i></p> <p>Ungdomsarbeidet i 2013 har i stor grad vidareført arbeidet frå tidlegare år med Join Us og Klubben, i tillegg til nokre turar. Generelt opplever vi vekst i begge desse miljøa, og noko meir kontakt mellom dei. Fleire er med og nye ungdommar tar medarbeidar- og leiaransvar. Fleire ungdommar har berre det siste året gått frå ikkje rekne seg som kristne, til å tydeleg vedkjenne at dei trur på Jesus. Det er tydeleg at mange har vorte meir medvitne og interesserte i det som har med Gud å gjera. Mange vitnar òg om personlege truserfaringar. Sosialt opplever vi miljøa på mange måtar svært positive. Leiarane er gode rollemodellar og dette spreier seg utover. Vi ser endå meir potensiale på dette planet. Meir om kvar av dei enkelte delane under.</p> <p>Verdt å nemne er òg at det har vore store stabsutskiftingar. I mai vart Hallgeir Bjørnevik vart tilsett i ei prosjektstilling knytt til Join Us og konfirmantarbeidet. Nils Jøssang vart tilsett som ungdomsarbeidar i august. I same månad tok Marita Hjelle og Alexander Svendsen over dirigentansvaret for Join Us etter Madeleine Berge Midtseter.</p> <p>Klubben</p>

	<p>Klubben er i stor grad driven av ungdommane sjølve. Øystein Skarding leier styret, i tillegg tar spesielt Kay Even Hægland mykje leiaransvar. Likevel skal ikkje berre enkeltpersonar framhevast. Heile styret på 10 stk og nokre fleire medarbeidrarar frå seinhausten av, har gjort ein flott innsats. Alle er samde om at Klubben knapt har vore betre. No ved årsskiftet har vi rekruttert inn nye medarbeidrarar og danna fleire «team» som tar seg av dei ulike delane på vanlege klubb-kveldar og ungdomsmøte. Vi opplever at kompetanse vert vidareført og nye slepp til.</p> <p>Det har generelt vore stor deltaking her dette året, spesielt frå hausten av. På vårparten var oppmøtet 30 – 50, i haust har vi vore frå 50 til 80 på vanlege klubbkveldar. Ungdomsmøta ca ein gong i mnd er kanskje best besøkte, kanskje pga. at ein del konfirmantar vel å komme då.</p> <p>Join Us</p> <p>I 2013 har Join Us vore i stor endring. Fleire nye fjes har kome inn på leiarsida og bidrar til at det er eit solid og godt apparat rundt koret ved utgangen av året. Oppmøtet har variert frå 20 til 30 på våren og 30 til 50 på hausten. Ungdommane gjev uttrykk for at det er kjekt å vere der og at dei trivst i miljøet.</p> <p>Vi har for det meste hatt konserter i Os kyrkje dette året og har mange gode opplevelingar frå dette.</p> <p>Turar</p> <p>I august 2013 vart det skipa tur til England og «Soul survivor». 23 ungdomar deltok; ein del av desse var nye konfirmantar. For både leirarar og deltakarar var dette ein suksess. Mange av ungdommane fortalte at dei ville komme heim forandra. Vi har kunna sjå i liva til mange av dei som var med denne hausten at her er det faktisk skjedd positive endringar både som truande, som menneske og involvering i ungdomsarbeidet. Vi planlegg ny tur til sommaren 2014.</p> <p>Verdt å nemne er òg turar til Impuls, Vinterfestivalen, Oase, Leir i Sætervika og «Get focused». Vi opplever at bruk av turar og leir er ein viktig og effektiv måte å bygge ungdomsmiljøet på og i å hjelpe ungdom til å ta nye steg på trusvegen.</p>
8.0	<p><i>Trusopplæring og undervisning</i></p> <p>Hovudmål: at dei døypte skal verta verande hjå Kristus når dei veks opp. Vi vil hjelpe alle døypte til å leve som læresveinar i ei livslang læring.</p> <p>Delmål:</p> <p>Bygge det åndelige og sosiale fellesskapet i kyrkjelyden gjennom smågrupper/mindre fellesskap med fokus på trusopplæring og</p>

	<p>undervisning.</p> <p>Innarbeidde tiltak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Dåpsførebuing 2. Utdeling av 4-årsbok 3. Lys Vaken 4. Utdeling av 6-årsbok 5. Konfirmantarbeid <ol style="list-style-type: none"> a. Gruppene frå 2012/32 b. Vidareføring av konfirmantplan med fokus på relasjonsbygging c. Gudstenesteverkstad d) Pulshelg <p>Innarbeida tiltak:</p> <p>Dåpsførebuing Det har vore dåpsførebuing ein vekedag i førekant av gudstenester med dåp. Førebuinga har vore leia av den presten som skal ha gudstenesta.</p> <p>Utdeling av 4-årsbok Dette inneber to samlingar for kvar 4-åring, ei førebuing og ei gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Det er fem rundar med dette kvart år, to i Nore Neset kyrkje og tre i Os kyrkje. Trusopplæringsmedarbeidar Hege Varhaug-Lekven er hovudansvarleg. Ho planlegg og gjennomfører dette saman med presten som har ansvar for gudstenesta.</p> <p>Lys Vaken For femte året arrangerer vi Lys Vaken i Nore Neset kyrkje. Tiltaket er svært populært blant deltakarane, påmeldinga var særslig godt i år (ca 50%)</p> <p>I år var Hege Varhaug-Lekven hovudansvarleg og hadde med seg Hildur Løkken Lillestøl, Anne Marie Sandve, Anita Haugland Berge og, Trygve Helgesen. Vi fekk god hjelp av foreldre/føresette til praktisk hjelp både laurdag og søndag. Gudstenesta fungerte godt i samarbeid mellom alle som deltok.</p> <p>Utdeling av 6-årsbok For første gang innbaud vi alle 6åringar (199personar) til gudsteneste med utdeling av 6-årsboka. Dette vart gjort på ei gudsteneste i Os og ei i Nore Neset. 39 born tok del; ca 20 % av 6åringane. Ansvarsfordeling som for 4-årsbok.</p> <p>Konfirmantarbeid</p> <p>a: Gruppene frå 2012/13 (Representert med hovudleiar og tal på deltakarar)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 25 stk) • Join Us – Konfeband (Einar Ekerhovd, 2 stk) • Join Us – Ten Sing (Madeleine Midtsæter, 10 stk) • KRIK eXplore (Nils Jøssang og Aleksander Svendsen, 10 stk) • KRIK Golf (Arne Stautland, 21 stk) • KRIK Os (A og B) (Arne Stautland og Amund Bjørnevik, 44 stk)
--	--

- KRIK Sportsfiske (Arne Stautland, 17 stk)
- Kunst (Maria Hansen, 10 stk)
- Leir (Jannike Gangstø, 23 stk)
- Samtalegruppe (Knut Ivar Askeland, 14 stk)

b: Vidareføring av konfirmantplan med fokus på relasjonsbygging
 Vi har vidareført ordninga for konfirmantane med aktivitetsgrupper. Desse gruppene har undervisning i gruppene, og det fungerer godt. Eit av måla med dette var å knyte relasjonar med konfirmantane og gjere dei tryggare i det kyrkjelege fellesskapet. Her er vi komne eit stykke på veg, men har framleis ein jobb å gjere. Vi arbeider framleis med å knyte konfirmantane endå meir opp mot det fungerande ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

c: Gudstenesteverkstad

Gudstenesteverkstad er ein viktig del av konfirmantopplegget vårt. Her er det prestane som har førebuing til gudsteneste saman med konfirmantgruppene. Dette fungerer godt og vi vil halde fram med dette.

d: Gruppene frå 2013/14

(Representert med hovudleiar og tal på deltakarar)

- Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 25 stk)
- Join Us – Konfeband (Hallgeir Bjørnevik, 2 stk)
- Join Us – Ten Sing (Hallgeir Bjørnevik, 20 stk)
- KRIK eXplore (Nils Jøssang, 17stk)
- KRIK Golf (Roar H Evjedal, 18 stk)
- KRIK Os (A og B) (Nils Jøssang, 43 stk)
- KRIK Sportsfiske (Hallgeir Bjørnevik, Hildur Løkken Lillestøl 19 stk)
- Leir -Soul Survivor (Hallgeir Bjørnevik, Hildur Løkken Lillestøl, 17 stk)
- Leir – Sætervika (Jannike Gangstø, 15 stk)
- Samtalegruppe (Hildur Løkken Lillestøl, 2 stk)

e:Konfirmantarbeidet haust 2013:

Hausten har vore prega av full utskifting i staben som tok til å arbeide i august/september. Det vart sjølv sagt mange oppgåver som då vart utførte i siste liten eller for seint. Tross i dette har opplegget for konfirmantane i det store og heile gått som planlagt.

Nytt for dette konfirmantkullet var leirgruppa som drog til England og deltok på «Soul Survivor». Ein flott oppleveling både for konfirmantar og leiarar. Fleire av konfirmantane tok eit bevisst val som kristne etter denne turen.

Undervisningsopplegget har stort sett fylgt oppsett program.

På grunn av tidsnød har vi prøvd ut det vi har kalla «stasjons»-undervisning ved eitt høve. Vi innbaud då mange grupper til undervisning same dag der tre av dei tilsette underviste i kvar sin del av oppgitt tema. Konfirmantane vart delte i grupper og ambulerte mellom dei tre undervisningsstasjonane til alle hadde vore innom alle stasjonane. Ei

positiv oppleving som gjer at vi vil vurdere å ha dette som modell for undervisninga vidare framover. Denne undervisningsmodellen har og vore praktisert på PULS-helgane. Det er uttrykt ynskje om at konfirmantane må vise igjen i gudstenesta som er lagt til PULS-helgane. Dette vil vi fylge opp til våren.

Evaluering av konfirmantopplegget og planlegging av opplegg for neste skuleår har vi drøfta i eit møte. Vi ynskjer å bygge opp leiraktiviteten i konfirmantopplegget. Det er ynskjeleg at alle konfirmantane deltek på ein leir/weekend. Vi vurdere å samordne pulshelg og gudstenesteverkstad. Vi vurderer og utviding og/eller endring av gruppetilboda.

Trusopplæringsutvalet

a: Medlemmene

Medlemmene i Trusopplæringsutvalet (TOU) er:

Torild Aadland

Margrethe Holmboe Askeland

Svein Arne Bakke

Trygve Helgesen

Knut Inge Johnsen

Anne Margrethe Solheim Magnus

Gro Helen Blindheim Skjælaaen

Arne Stautland (leiar) /Hildur Løkken Lillestøl frå 1.sept.

Hege Kathrin Varhaug – Lekven (sekretær)

b: Arbeidet

TOU har brukt mesteparten av tida til å leggje grunnlaget for det som på sikt skal verta ein trusopplæringsplan.

Her er ei oversikt over planarbeidet VÅR 2013:

Gjennomgang av den nasjonale planen.

Ein komité jobbar med innhaldet.

Ein komité jobbar med lokal tilpassing.

Ein komité jobbar med musikk.

Det er laga ei skisse til organisering av arbeidet.

Det er gjort ei kartlegging av organisasjonar og lag ein kan samarbeide med.

Eit arbeid med «fem konfirmantfasar»*

Samstundes med dette vert det kontinuerlig jobba med å utvikla nye tiltak og å utvide tiltak som vi allereie har.

Vi har fått tildelt Ørnulf Elset som mentor. Han er her jamleg og rettleier delar av staben i arbeidet mot planen.

* Fem konfirmantfasar betyr at vi deler aldersspennet

0-18 opp i fem fasar. Alle fasane skal ha ei markering i kyrkja som avslutning.

HAUST 2013:

Fire nye tilsette vart med i planarbeidet. Roar Hallesby Evjedal som representant for prestane, Hildur Løkken Lillestøl tok over leiaransvaret, Anita Haugland Berge er tilsett som trusopplæringsmedarbeidar (50%) og Nils Jøssang er tilsett som ungdomsarbeidar. I startfasen måtte ein difor

bruке ein god del tid og energi på å jobbe seg saman som team og arbeidsfellesskap.
Det vart i denne samanhengen bestemt å omstrukturere planarbeidet. Komiteane som fungerte i vår vart kontakta og det vart etter dette bestemt at ein ville ha to arbeidsgrupper som jobba vidare med planen for kvar si aldersgruppe..
A. Barneåra 0 – 11 ved Hege Varhaug-Lekven, Roar Hallesby Evjedal og Hildur Løkken Lillestøl
B. Ungdomsåra 12 – 18 ved Anita Haugland Berge og Nils Jøssang

Hege Katrin Varhaug-Lekven har hovudansvaret for å utarbeide planen generelt og barnefasen- 0-11 spesielt.

Anita Haugland Berge har ansvar for å skrive tiltak for 12-18.

Roar Hallesby Evjedal har eit overordna ansvar for det teologiske innhaldet.

Hildur Løkken Lillestøl har eit overordna ansvar for framdrift og samkjøring av planarbeidet.

Utarbeiding av planen er utarbeidd :

- Gjennom arbeid i komiteane
- Gjennom fellesmøter for begge komiteane
- Framlegging av planarbeidet i TOUmøta
- Framlegging av planen på eit soknerådsmøte
- Møte med inviterte referansegrupper for begge aldersfasane (foreldre, frivillige medarbeidarar, aktive ungdommar, representantar frå råd og utval)
- Gjennomgang og vurdering på møte med mentor

Planarbeidet har hatt god framdrift og følgjer prosessen som er skissert i oppsett tempoplan. Det er no tid for å lage ein konkret ressursplan. Kva trengst av menneskelige ressursar, lokale, økonomi m.m

C: Framdrift av tiltaka

Dese tiltaka satsar ein på å starte opp i 2014:

- Dåpshelsing til alle 1-åringane. Sender spisebrikke med Noas ark i posten
- Dåpshelsing til alle 2-åringane. Sender cd «Min båt er så liten» i posten
- Utdeling av adventskalender til 3-åringane på eigne samlingar
- Tilbod om dåpskule for 6åringane i etterkant av utdeling av 6-årsboka
- Lys vaken også i Os
- Seminar om Ungdom og media for 12-åringar
- Innby til Lan 13-åringar
- Innby til Leir 15-åringar

Medhjelparar:

	I tillegg til dei tilsette trengst det frivillige medhjelparar i alle tiltaka. Vi vil innby kyrkjelydens medlemmar å melde seg som fadder for eitt eller fleire av tiltaka i planen. Kvar fadder kan velje ei eller fleire konkrete oppgåver som sitt bidrag i kyrkja sitt trusopplæringsarbeid. Oppgåvene kan vere alt frå forbønn, kakebaking og praktisk tilrettelegging, til aktiv deltaking og medansvar for planlegging og gjennomføring av eit tiltak.
8.0	<p><i>Diakoni</i></p> <p>Diakoniutvalet</p> <p>Diakoniutvalet 2013 var sett saman slik:</p> <p>Marny Johnsen, Hanne Helgesen, Per Torgeir Nilsen og Ragnhild Haugland.</p> <p>Utvalet hadde sju møte i løpet av året.</p> <p>Diakoniutvalet brukte ein del tid på å revidere den lokale diakoniplanen. Tanken med å ha ein slik plan er å bidra til oversikt over det diakonale arbeidet kyrkjelyden har, samt vere eit verktøy for arbeidet. Sentralt i diakonien er at alt arbeid i kyrkjelyden skal gjennomsyrast av den diakonale tenkinga. I den lokale diakoniplanen er det likevel det organiserte arbeidet som står i fokus.</p> <p>Også i år har diakoniutvalet hatt fokus på innvandrarar ved å arrangerte fisketur i samarbeid med NAV. Dette vart igjen ein stor suksess. I tillegg vart det arrangert informasjonsdag for å inkludere i aktivitetane kyrkjelyden har. Dette resulterte i at fleire av dei som kom, i ettertid deltok på ulike aktivitetar for barn. Ein slik informasjonsdag er likevel berre eit først steg. Det viser seg eit behov for aktiv oppfølging på sjølv aktivitetane, noko som krev ekstra ressursar.</p> <p>Utvalet ønskte enda større fokus på områda <i>vern om skaparverket</i> og <i>kamp for rettferd</i>. Utvalet har hatt miljøtips i kyrkjebladet, samt oppmuntra TiTT til å setje fokus på desse områda. I tillegg er arbeidet med å bli <i>Grøn kyrkjelyd</i> komen med i diakoniplanen.</p> <p><i>Samarbeid, besöksteneste og ope hus</i></p> <p>Os kyrkje har òg i 2013 hatt godt samarbeid med Os frivilligsentral. Besökstenesta hadde ni aktive besøksvenar som gjennomførte rundt 150 besøk. Som besøksven er ein gjerne med som danseven, følgjeven, turven, vitjar familiar m.m. Besökstenesta er ei viktig teneste for dei som har behov for ei slik teneste.</p> <p>I samarbeid med Os frivillig sentral, Foreningen mot Rus og Mental Helse,</p>

	<p>arrangerte Os kyrkjelyd <i>Ope hus</i> 2.juledag. Denne dagen var det nærmare 50 personar innom Kyrkjetunet. Takka vera ulike bidrag frå privat personar, samt butikkar i Os, vart det ein vellykka dag.</p> <h3>Sorg</h3> <p>For å få å sikre betre oppfølging og kontakt med etterlatne har sorgarbeidet kyrkjelyden tilbyr, blitt gjennomarbeidd dette siste året. Kvart år har kyrkjelyden tradisjon for å inviterte til sorgsamling i februar/mars. På samlinga er det eit innlegg om korleis sorga kan utarte seg, samt at samlinga bidrar til fellesskap med andre som er i liknande situasjon. I november blir det invitert til minnegudstenester i Os kyrkje og i Nore Neset kyrkje. M.a. tenner ein lys for å minnast kvar enkelt som gjekk bort det siste året.</p> <p>Ei brosjyre med litt informasjon om det å vere i sorg, samt informasjon om mogelegheit for sorggruppe, har blitt utarbeidd. Brosjyren blir, saman med eit sorglys, tilbydd dei etterlatne eit par månader etter dødsfallet. Tanken er at dette kan gi håp og vere ei hjelpe for dei etterlatne, samt at det kan vere med og styrke kontakten. På hausten kom det i gang ei sorggruppe under leiing av soknepresten.</p> <h3>Ungdom</h3> <p>I 2013 vart det sett i gang arbeid retta mot ungdom i Os. Ei arbeidsgruppe vart engasjert i planlegginga. Etter ei tid med kartlegging av situasjonen til ungdommane, viste det seg vanskeleg å få greie på kva dei faktisk ønskjer og har behov for, samt kva dei ville tatt imot av tilbod. Tidvis oppheldt ein del ungdomar seg på Amfi kjøpesenter. Dette resulterte i vedtak om å starte eit oppsøkjande arbeid blant ungdom på kjøpesenteret, med planlagt oppstart første kvartal i 2014. Kyrkjelyden flyttar dermed inn på senteret nokre timer i veka for å møte ungdommane direkte. Ønsket er å vise at vi som kyrkje er interesserte i korleis det er å vere ungdom i Os, i både positivt og det negativt.</p>
9.0	<h3>Kyrkjemusikk</h3> <h4>Musikkutvalet</h4> <p>Utvalet er delt i to undergrupper: gudstenestegruppa og konsertgruppa. Gudstenestegruppa har ansvar for å samordne kontakten med musikkrefter i og utanfor kyrkjelyden. Målsetting er at kvar gudsteneste skal ha eit eller anna musikalsk innslag, i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhørt publikum. Kyrkjelyden får og musikkopplevelingar og meir varierte</p>

gudstenester, og kyrkja styrker rolla si i lokalsamfunnet. Målsetjinga er at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvar 6.-8. veke møter vi for å planleggje musikkinnslag for kvar gudsteneste.

Medlemmane i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvedt, Torgeir Skjælaen og kantor.

Dei frivillige som har delteke: Kyriaké, Kyrkjekoret, Last minute-kor, Fonos, Os vocalis, Os musikkforening, Lysekoret, Os mannskor, Os spelemannslag, Pensjonistkoret, Os kammerkor, Gladsangerne, Join Us, Sofie Haukås, Kristine Bjånes, GTONO trio (Grethe Inger Berge, Toril Myklebust Lie og Norvald Kobbeltvedt), Eirik Spangelo Haga, Grethe Inger Berge, Øyvind Vedvik, Øyvind Gjerde/Imaginata Trio, Gro Helen og Torgeir Skjælaen, Marthe Skjælaen, Oddgeir Bjelland, Thore Lunde, Tonje Hernes, Tuva Hovland, Heidi Bråthen Johannessen, Madeleine Midsæter, Linn Kjerstin Rondestveit, Simon Bjørnevikt, bandet for 5 på 11, Tweens og elevar frå Kongshaug. Takk til Paul Hans Sælen for frakt av en cembalo for julekonserten og til Arvid Varpe som har vikariert som trekkspelar på sjukeheimen.

Konsertgruppa har ansvar for å arrangere konsertane under nemninga "Musikk i kyrkja". Tanken med dette arbeidet er å samordne og synleggjere det rike konsertlivet i kyrkjene, mellom anna med opptrykt semesterprogram. Ei anna målsetting er å lyfte fram unge talent og gje lokale utøvarar høve til å opptre. Gruppa tilbyr marknadsføring og arrangørhjelp til dei som vil halde konsertar. Konsertgruppa møter 2-3 gonger per semester.

Medlemmane i konsertgruppa er Knut Vidar Garlid, Øyvind Vedvik og kantor.

Konsertar i 2013 under "Musikk i kyrkja": 10. mars med violin og song; 17. oktober Marius Neset/Daniel Herskedal; 6. desember julekonsert med Kyrkjekoret. Diverre måtte messingblåsarkonserten 2. juni avlystast.

Andre Konsertar

Det har vore ca. 23 konsertar i kyrkjene. Dette er ein høg aktivitet, og berre 5 av konsertane var rein utelege til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 11 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 7 arrangement. Nore Neset kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i kyrkjelyden, og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartner for det lokale musikklivet i Os.

	<p>Vaksenarbeid – Kor</p> <p>Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leia av kantor. I tillegg er det to forsongargrupper som leier salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. I tillegg er det «Last minute»-koret som syng ca. 2 gonger per semester. Ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriakè, leia av Norvald Kobbeltvedt og Fonos, leia av Stine Kobbeltvedt. Begge kora syng på fleire gudstenester årleg. Kyriaké byd stadig kyrkjelyden på noko såpass spesielt som nyskriven musikk til dagens bibeltekst, komponert av Norvald Kobbeltvedt. Fonos har utvikla seg til å bli eit av dei mest populære kora i Os, med mange dyktige yngre songarar og eit pop/vise/gospel-prega repertoar. Join Us syng på fleire gudstjenester i halvåret. Dei har jo også sin eigen vårkonsert.</p> <p>Ressursar</p> <p>Anita Haugland Berge starta i august som organist/trus-opplæringsmedarbeidar. Det er og mange andre frå kyrkjelyden som er aktive på musikksida og som spelar og syng på ungdomsgudstenester, «5 på 11»- gudstenester, familiegudstenester o.a. Elevar frå Kongshaug musikkgymnas deltek jamleg. Det same gjer songarar, musikarar og lag frå musikklivet i Os.</p> <p>Vi har ein ny pianostemmar som bur i Os. Ho har vore elev ved Kongshaug musikkgymnas, og stemmer 5 piano: 3 i kyrketunet, eitt i Os kyrkje og eitt i Nore Neset kyrkje.</p> <p>I november heldt kyrkjelyden ein salmekveld. Hovudtemaet var den nye salmeboka. Vi song ca. 25 nye salmar. Etterpå bestemte Os kyrkjelyd å kjøpe inn den nye salmeboka. Vi ser fram til å ta ho i bruk i 2014.</p>
10.0	<p><i>Anna om kyrkjelydsarbeid</i></p> <p>Torsdag i tunet</p> <p>Det var til saman 10 samlingar i «Torsdag i Tunet» (TiTT) i 2013. Emna har vore varierte med fokus på den kristne trua og det levde livet. Innleiarar med ulike erfaringar frå kvardagslivet og sine interesseområder har blitt inviterte. Det kom 25-35 personar på samlingane. I arbeidsgruppa sat det 4 personar.</p> <p>Søndagssamlingane</p> <p>held fram etter same mal. Særskilt inviterte er menneske med psykisk utviklingshemming. Det er 5 samlingar om våren og 4 om hausten. Ein trufast gjeng frivillige medarbeidrarar stiller opp, gjer klart lokala og</p>

dekkjer kaffibord med heimbakte kaker. Norvald Kobbeltvedt er impresario og syter for at det alltid er gode musikk-krefter på desse samlingane. Prosten held andakt. På 2 av samlingane i 2013 var oppbyggingsbiten lagt til kyrkja. For 3.gong var det gudsteneste for og med deltakarane på søndagssamling 1.påskedag om ettermiddagen. I adventstida var dei innbedne gjester på familiekoret si framsyning: «Gabrielle»

Koinonia

Det er eit livskraftig arbeide for og med dei som har høve til å samlast på føremiddagen. Det er mange frivillige medarbeidarar, spennande program og stor oppslutnad. Per Fimreite er ein engasjert leiar for tiltaket.

Misjonsarbeid

- Misjonsforeiningar, NMS-samarbeid. Det faktum at kyrkjelyden igjen har fått ein kapellan som har vore utsending for NMS er ein styrke for misjonsmedvitet i kyrkjelyden,
- Soknerådet har oppretta misjonsutval igjen. Øyvind Vedvik er leiar, Osvald Hindenes er sekretær og medlemmer er Anne Marit Vedvik og Ingvill Hallesby Evjedal.
- NMS-gjenbruk. Butikken går godt, og mange bruker tid på dette som frivillige medarbeidarar..
- Kyrkjelyden hadde besøk frå «Garden-of-Eden» i Kenya, med deltaking i gudsteneste og konsert i Nore Neset kyrkje.

Bibelgrupper og husfellesskap

Det finst bibelgrupper og husfellesskap. Men det er vanskeleg å få eit oversyn over desse gruppene, og om det finst opne grupper.

Saman i bøn

Saman i bøn for Os er eit ope, uforpliktande, bønefellesskap, der ein møtest om lag ein gong kvar månad. Det er for alle kristne grupper i Os og vart stifta for nokre år sidan av ungdomsprest Christian Ruge og Tony Jessen. Der er folk frå dei ulike bedehusforeiningane, Kongshaug, Os-fellesskapet, Misjonskirken, og Kristent fellesskap med. Nokre frå kyrkja er også med, mellom dei fleire i soknerådet. Det er gode møte der vi bed for bygda vår og dei som bur, arbeider og styrer her.

11,0	<p>Mediearbeid.</p> <p>Heimeside (www.os.kyrkja.no)</p> <p>Heimesida har faste opplysningar om alle gudstenester og gjev oppdatert informasjon om ulike einskildarrangement. Den norske kyrkja har under utvikling ei ny felles heimeside som alle kyrkjelydar vert inviterte til å vere med i. Vi får da likskap i presentasjon for alle kyrkjelydar. I påvente av dette (august 2014), vert vidare arbeid med heimesida ikkje prioritert.</p> <p>Lokalavis</p> <p>Lokalavisa har kvar veke annonsar om aktuelle tilbod i kyrkjelyden (gudstenester og andre samlingar). Tidvis vert det og sendt inn førehandsomtale av ulike tiltak, og redaksjonen gjev slike meldingar spalteplass. Det har og vore nokre saker som har fått god omtale. Dette er i hovudsak knytt til bygg- og anlegg.</p> <p>www.midtsiden.no</p> <p>har vorte ein viktig informasjonskanal for både nyhende, ulike saker og som lysingsplass for ulike arrangement og samlingar.</p>
12.0	<p>Frivillige medarbeidarar</p> <p>Os kyrkjelyd har mange flotte frivillige medarbeidarar og dette er vi glade og takksame for. Deira innsats er heilt avgjerande for å kunne oppretthalde det mangfaldet vi har av aktivitetar og tilbod i kyrkjelyden, ikkje minst for gjennomføringa av gudstenestene. Men for å unngå at det ikkje blir for mykje ansvar på enkeltpersonar, har vi heile tida behov for fleire frivillige. Vi jobbar difor kontinuerleg med rekruttering og er glade for dei nye frivillige medarbeidarane som kom til i 2013!</p> <p>For gjennomføring av gudstenestene har vi ei stor og stabil gruppe frivillige som gjer ein viktig innsats. På kvar gudsteneste er det i snitt 4-5 medhjelparar, i tillegg til 2 på kyrkjekaffi og 1-2 på barnesamling.</p> <p>Gruppa består av i alt ca 50 medhjelparar fordelt på 110 gudstenester i året.</p> <p>Vidare er det ca 120 aktive frivillige som bidrar på ymse vis og som mogleggjer vårt tilbod av aktivitetar (søndagsskular, Ten Sing, speidar, konfirmantarbeid, reinhald og dugnadsarbeid i kyrkjetunet, Koinonia, ulike utval og styre, m.m.)</p> <p>Dei siste åra har vi hatt ein felles frivillighetsfest for alle medarbeidarar i kyrkjelyden, og også i 2013 vart dette ein stor suksess. Vi i staben har</p>

	<p>fått fleire gode tilbakemeldingar på at dette er eit motiverande tiltak som bidrar til å styrke samhaldet i kyrkjelyden. Tilbakemeldingane vi får frå dei frivillige er verdifulle då vi ønskjer at det skal vera lystbetont og positivt å vere frivillig i Os kyrkjelyd.</p>
13.0	<p>Samarbeidande organisasjonar</p> <p>Os kommune</p> <p>Det er både formelle og uformelle samarbeidsrelasjoner mellom kommunen og soknet. Samarbeid skule/kyrkje gjev eit målretta arbeid på ulike klassetrinn. Vidare ivaretar kommunen ymse praktiske funksjonar med frankering/postsending, rekneskap (fram til 30/8—13). Dessutan er det uformelt samarbeid på ulike prosjekt og tiltak i varierande grad.</p> <p>Det er årlege dialogmøte mellom politisk og administrativ leiing av kommunen og soknet.</p> <p>Nøtteliten barnehage</p> <p>Nøtteliten barnehage er organisert som ei stifting der Os sokneråd og Søfteland indremisjon kvar oppnemner 2 medlemmer til styret.</p> <p>Os sokneråd har oppnemnt desse: Gerhard Hansen (frå 1999) og Torhild Frønsdal (til våren 2013) og Anne B. H. Sundfjord (frå hausten 2013). Øvrige styremedl.: Elin Skaatun og Hildegunn M. Dale.</p> <p>Barnehagen har 5 avdelingar og vel 90 plassar; til saman 22 årsverk. Barnehagen er einaste barnehage i Os med utvida kristen formålsparagraf.</p> <p>Kongshaug musikkgymnas</p> <p>Det er årleg ei Kongshaug-gudsteneste der skulen bidrar på ulike måtar. Vidare har skulen årleg ein større julekonsertserie over 2 dagar for både kyrkjelyden, næringslivet i Os og dei vidaregåande skulane + ungdomsskulane.</p> <p>Ein del av elevane er og aktive i kyrkjelyden sine aktivitetar; frå ulike song- og musikkoppdrag til leiaroppgåver.</p> <p>Bjørgvin KFUM/K – Open barnehage.</p> <p>Det er Bjørgvin K/M som eig og driv barnehagen, og dei har ei leigeavtale for bruk av Kyrkjetunet.</p>

	<p>Det norske Misjonsselskap (NMS)</p> <p>Kyrkjelyden har ein samarbeidsavtale med NMS der vi 6 gonger årleg skal ta opp offer til 2 konkrete misjonsprosjekt: ungdomskyrkjelyd i Barrow (England) og kyrkjelydsplanting i Tallinn (Estland).</p> <p>Det er fleire aktive misjonsforeiningar for NMS i kyrkjelyden og gjennom den lokale fellesforeininga skipar dei årleg til misjonsmesse og fleire opne misjonsamlingar.</p>
14.0	<p>Prostisamarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> Prestane har hatt samlingar kvar månad med nattverdfeiring, kollegafellesskap og fagleg oppdatering/studier. I haust tok vi til med preikekurs med god hjelp av Tore Skjæveland frå bispekontoret. Vi syntes det var nyttig, sjølv om vi ikkje fekk fullføre det heller (planen var å halde fram våren 2014) Arbeidet med å få etablert prostiråd heldt fram i januar med felles møte med representasjon frå alle sokneråda. Grunna vakansar i begge arbeidsgjevarliner i Os, vart ein del prostearppgåver, ma arbeidet med å etablere prostiråd, sett på vent.. Då hausten kom med signal om at bispedømet ynskte å starta prosess med å leggje ned prostiet, forsvann hensikten med å etablere prostiråd. Vi fekk på plass felles mentor for trusopplæringsarbeidet i alle 4 sokna. Han tok initiativ til samarbeide mellom trusopplæringsmedarbeidarane i prostiet. Så langt som eg kan sjå har dette vore eit fruktbart samarbeide. Dette samarbeidet vil halde fram til planane for trusopplæring er klare i løpet av 2014. sjølv om bispedømerådet i desember vedtok at Midhordland prosti skulle leggjast ned frå 1.mars.
15.0	<p>NORE NESET-UTVALET</p> <p>I Nore Neset kyrkje er det gudsteneste annankvar søndag, bortsett frå i sommarferien. Det er svært vekslande frammøte, alt etter kva type gudsteneste det er. Det har vore mange gode møte mellom menneske her. Kvar gong er det også kyrkjekaffi etter gudstenesta. Denne uformelle delen opplevest også svært meiningsfyllt.</p> <p>Hausten 2013 vart det også arrangert eit «baby-song-kurs». Her var det ca. 7 foreldre med sine babyar til stades. Eit nytt kurs er i gang no i vår. Her har det vore stor auke i deltakarar, noko som er svært gledeleg.</p> <p>Ungdomsklubben «Stallen» er framleis eit tilbod til ungdom på Nore Neset. Representantar frå Hagavik bedehus driv dette arbeidet. Klubben har samling annankvar fredagskveld, med ulike aktivitetar</p>

og ein andakt. Før jul var det opp til 20 unge der, men dei to gongane det har vore klubb etter jul,(pr.18/2) har det berre vore to frammøtte. Vonleg vil dette ta seg opp att.

Barnekoret «Gla` sangarane» har også vore i sving. Frå i haust gjekk vi over frå å ha øving annankvar torsdag til å ha det ein gong for veka. Det er lettare å få kontinuitet i arbeidet på denne måten. Frammøtet har dessverre ikkje vore så stort som ein kunne ønskja, frå tre/fire til sju/åtte born. Dei siste gongane, har det kome nokre nye, så vi håper det vil ta seg opp. I haust starta vi også med å ha kaffi og litt å bita i til dei foreldra som ventar på borna under øvinga. Sosialt og kjekt sjølv om det ikkje er så mange der.

Julefesten vart ei fin oppleving! Ca. 80 store og små var samla til flott program ,andakt, juletregang og god mat.

Prestane har også dåpssamtalar i kyrkja i før dåpsgudstenestene. I tillegg har det vore ein del konsertar gjennom året.